




Fylkeseldrerådet, Hordaland fylkeskommune
PB 7900
5020 BERGEN



Vår ref.: 2017/16712-25

Dykkar ref.: 2017/2682-50

Bergen, 20.12.2017

Svar på brev "Vedr. svar på henvendelse fra Fylkeseldrerådet om behovet for servicelinjer "på tvers" i bydelene"

Vi syner til dykkar brev av 07.12.2017, der det vert vist til tidlegare korrespondanse mellom Eldrerådet i Bergen og Skyss om behovet for servicelinjer – særleg knytt til området Bergen Sør og Fana.

Skyss har forståing for ønsket om utviding av servicelinjer mellom ulike bydelar, og har innspela frå eldrerådet med oss i vurderingane kring utvikling av busstilbodet i Bergen.

Per i dag er det ikkje planlagt for etablering av fleire servicelinjer i Bergen. Når det gjeld tverrgåande busslinjer som bind ulike bydelar saman, så utgjer desse ein viktig del av det samla kollektivnettet. Skyss arbeider kontinuerleg med å utvikle linjenettet, rutetilbodet og bussmateriellet slik at flest mogleg kan nytte seg av det ordinære tilbodet.

Med vennleg helsing,

Målfrid Vik Sønstabø
Leiar avdeling Trafikktilbod

Gudrun Einbu
Faggruppeleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.